



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Bjørn Åge Vågseth

Sognevegen 2228
5983 Haugsvær

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/1263-2	Jan Kvingedal	16.07.2026

Melding om delegert vedtak - søknad om oppføring tilbygg under 50 m2, veranda - gbnr 47/26

Administrativt vedtak saknr.: 55/2026 Delegert Teknisk utval

Adresse: Sognevegen 2228, 5983
Haugsvær

Eigedom gbnr: 47/26

Tiltakshavar: Bjørn Åge Vågseth
Tiltakstype: Veranda

Søkjar: Bjørn Åge Vågseth
Søknadstype: Søknad uten ansvarsrett

VEDTAK

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 løyve til etablering av veranda/ terrasse på eigedom gbnr 47/26. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonsplan vedlagt søknad, dat. 18.06.26
- Tiltaket skal ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Antal	Sum
10.2.1	Basisgebyr, tiltakshavar kan søkja sjølv	1	6.035,-
Totalt gebyr å betala			6.035,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING


Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av veranda/ terrasse på 49 m2 på gbnr. 47/26.

Det vert elles vist til søknad motteken 09.07.26.

Fakta

Det er søkt om slik veranda/ terrasse:



Areal er regulert til bustad i reguleringsplan for Haugsværdalen med planID 4634_126620130001.

Vurdering

Tiltaket er under 50 m² og kan då handsamast etter reglane i plan- og bygningslova §20-4, tiltak som tiltakshavar kan søkja om sjølv. Tiltakshavar må sjølv sikra at tiltaket er iht. teknisk forskrift (TEK17).

Tiltaket er i samsvar med plan, utnyttingsgrad og byggjgrenser for tomta.

Tiltaket er lovleg nabovarsla.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 2026/1263

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Jan Kvingedal
sakshandsamar

Sveinung Toft
ass.rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur